



NVE

nve@nve.no

Klage på konsesjon til Fjelna kraftverk i Hemne kommune i Sør Trøndelag

Vi viser til vedtak av 20.09.2010 om konsesjon til bygging av Fjelna kraftverk i Hemne kommune i Sør Trøndelag, klager med dette på vedtaket og ber om at NVE opphever vedtaket om konsesjon, og seier nei til søknaden.

Vi viser til argumentasjonen frå Sør Trøndelag fylkeskommune, som konkluderer slik:

”Det foreligger flere prosjekter i tilknytning til Fjelna i ulike stadier i søknadsprosessen. Sør-Trøndelag Fylkeskommune anmoder derfor NVE om å se disse i sammenheng når beslutning skal tas. Konsesjon anbefales derfor ikke gitt inntil man har sett området i en sammenheng. Sør-Trøndelag Fylkeskommune ønsker også å se disse prosjektene i sammenheng før det blir tatt noen avgjørelse på enkeltprosjekter i vassdraget. I tillegg til Øvre og Nedre Fjelna så foreligger det også planer ved Haukvik kraftverk like vest for Fjelna med tilknytning til Spjøta, Kårbekken ved Kårøyan gård. Fjellbekken er også i Kårøydalen og er registrert som et prosjekt i MIKRAST.”

Vi viser vidare til Fylkesmannen i Sør Trøndelag, og siterer:

” Dersom det skal gjennomføres reguleringsinngrep i vassdraget, bør disse planlegges på en måte som ikke begrenser vassdragets potensielle verdi som laksevassdrag. Bygging av Fjelna kraftverk med en rør/tunnelløsning som innebærer borttak av vann over en betydelig strekning, er derfor lite forenlig med disse interessene. En begrenset utbygging av strykområdene umiddelbart oppstrøms Brekkan, som ikke omfatter inntak av Spjøta og Storlibekken, vil bare i mindre grad berøre mulighetene for å utvikle laksebestanden i vassdraget. Primært bør utbyggingsprosjekt i vassdraget ikke medføre redusert vannføring i Fjelna elv, men konsentrere seg om aktuelle sidevassdrag.”

Vannforskrifta

Vi vil vidare peike på arbeidet med Vannforskrifta, der ein er i ferd med å starte eit arbeide for å gjennomgå alle vassforekomstane med kategorisering og klassifikasjon, og med planverk for forvaltning som vil bli ferdigstilt i løpet av nokre få år.

Sør Trøndelag har berre eit utkast til samla plan for småkraftutbygging (Mikrast), der ein i berre liten grad har sett dei einsskilte utbyggingsplanane i samanheng med sumverknader.

Vi meiner prinsipielt at ein bør vente med konsesjonsbehandling inntil det er laga ein samla plan for småkraft, og inntil ein har fullført arbeidet i området etter krava i Vannforskrifta, der ein er forplikta til å sjå sumvirknigna av alle inngrep i og rundt vannforekomsten og i vannregionen.

Vi tek utgangspunkt i innseiingane frå Fylkesmannen i Sør Trøndelag, frå Sør Trøndelag fylkeskommune og behovet for ein samla plan for småkraft som tek omsyn til sumverknadene. Vi peiker vidare på behovet for å vente på resultatet av det pågåande arbeidet med vannforskrifta.

Ut i frå dette blir vår konklusjon at det er feil å gje konsesjon til Fjelna kraftverk, og vi ber NVE om å oppheve vedtaket om å gje konsesjon.

Ei eventuell utbygging i Fjelna må bli sett inn i ein større samanheng og kan ikkje bli vurdert for seg sjølv. Vi viser også til Fylkesmannens vurdering av at hovudløpet til Fjelna ikkje bør bli berørt.

Beste helsing

Mads Løkeland
For Naturvernforbundet i Sør Trøndelag
Mads.loekeland@gmail.com
95056726